

100 meter ny sykkel- og gangbane

05.07.2011



**AFA er inne i ein månadlang ferie, men arbeidet med det store utbyggingsprosjektet går vidare og det er Sverre Myklebust Maskinstasjon som har ansvaret foar det første steget i denne oppgåva. Dei har kome langt på stutt tid.**

Ein viktig del av prosjektet er opparbeiding av rundt rekna 100 meter ny sykkel- og gangbane langs fylkesvegen.

Halvparten av dette er i nedkant av tomta der det nye produksjonsbygget skal reisast og den andre halvparten i forkant av det noverande AFA-bygget.

I føremiddag er Myklebust i arbeid med opparbeidinga av den siste delen, noko som mellom anna krev fjerning av mykje stein.

Men også fullføringa av denne oppgåva krev mykje stein, for på heile den 100 meter lange strekninga skal det koma ein flott mur. Den blir av varierande høgde, frå 60 centimeter og oppover.

Det er ikkje sett nokon bestemt frist for fullføring av korkje sykkel- og gangbana eller grunnarbeida i det heile..

Biletet over er teke nedanfor den nye tomta og langs den nye sykkel- og gangbana.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen